

# Søknad om støtte frå Kulturelt utviklingsprogram til prosjektet «Digital formidling av steinalderhistoria i Fosnstraumen»

## Søkjar:

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger  
E-post: [postmottak@rødøy.kommune.no](mailto:postmottak@rødøy.kommune.no)

## Kontaktperson:

Bente Kopperdal Hervik  
Tlf. 56 34 90 12  
E-post: [bente.hervik@rødøy.kommune.no](mailto:bente.hervik@rødøy.kommune.no)

Søknaden er eit samarbeid mellom Radøy og Austrheim kommunar.

## Prosjekttittel:

Digital formidling av steinalderhistoria i Fosnstraumen

Dette er eit hovudprosjekt.

## Søknadsbeløp:

kr. 150 000,-

## Budsjett og finansieringsplan

<b>Utgifter</b>	
Honorar/løn kunstnarar/fagpersonar	130 000
Produksjonskostnadars/materiale	100 000
Leige av teknisk utstyr/tenester	30 000
PR/Markedsføring	5 000
Administrasjonsutgifter	20 000
Andre utgifter	15 000
<b>Totalt</b>	<b>300000</b>

<b>Finansieringsplan</b>	
Kulturelt utviklingsprogram	150 000
Radøy kommune (eigeninnsats og midlar)	50 000
Austrheim kommune (eigeninnsats og midlar)	50 000
Norsk kulturråd	50 000
<b>Totalt</b>	<b>300 000</b>

## Bakgrunn for og føremål med prosjektet

Fosnstraumen var eit sentrum i steinalderen med omfattande busetnad på begge sider av straumen. Her er eit av dei største største steinalderfunna gjort i Noreg. Fosntraumen er også ein av stadane i landet det først vart drive jordbruk.

I dag er det nesten umogleg for eit utrent auge å sjå og oppdaga steinalderlokalitetane og å sjå for seg korleis området var på den tida. Radøy og Austrheim kommunar ynskjer difor å nytta digital formidling langs "steinalderstiane", som ligg på begge sider av straumen, som eit supplement til skilta som er sett ut på staden. Dette vil auka opplevingsverdien for dei som er i området eller planlegg eit besøk til området, og auka kunnskapen om steinalderen ved Fosnstraumen.

Me vil laga 8-10 korte filmar (kring 2-3 minutt) tilpassa ulike brukargrupper, med særleg vekt på born og unge. Filmane vil vera tilgjengeleg langs stien via qr-kodar som tar ein til ein nettstad der filmane ligg. Ved å leggja filmane ut på nettstader som Digitalt fortalt vert dei også nytta av andre enn dei som besøkjer området. På eit seinare tidspunkt i prosjektet kan det vera aktuelt å få utvikla ein eigen app for visning av filmane, eller kopla seg på programvare utvikla ved andre liknande prosjekt. Liknande filmar er laga i samband med Kulmin-prosjektet i Sør-Trøndelag ([www.kulmin.no](http://www.kulmin.no)).

Arkeolog og flintsmed Morten Kutchera er prosjektansvarleg og vil ta seg av planlegging av filmane, skaffa og produsera naudsynte rekvisittar (replika) og førebuing til filming. Morten Kutchera har bakgrunn frå firmaet Arkikon og har naudsynt kompetanse til denne delen av jobben. Han vil henta fagleg støtte frå arkeologar ved Universitetet i Bergen og Hordaland fylkeskommune.

Filmproduksjonen og etterarbeidet vil me leggja ut på anbod. All filming vil gå føre seg ved Fosnstraumen. På Ramsvikneset, som ligg i området, finn me det som arkeologane skildrar som eit steinalderlandskap med frodig lauvskog heilt ned til sjøen, og Fosnstraumen, som danna grunnlaget for steinalderbusetjinga, er fiskerik no som då. Morten Kutchera har laga eit stort tal på replika basert på dei arkeologiske funna som vart gjort ved Fosnstraumen, og særleg i det største funnområdet, Kotedalen. Desse vil verta nytta som rekvisittar i filmane.

Dette prosjektet heng saman med eit større prosjekt for Fosnstraumen. Gjennom Riksantikvaren har me fått midlar til å skjøtsel av området, tilrettelegging av stiar og utarbeiding av nye skilt. Det ligg også føre planar om utbetring av parkeringsplass og toalettfasilitetar. Samla vil dette gjera Fosnstraumen til eit endå meir attraktivt område å besøka for å læra meir om steinalderen og korleis ressursane der, til lands og til vanns, la grunnlaget for ei tidleg busetjing som strakte seg over fleire tusen år.

## **Relevans i høve til programområda**

Søknaden har relevans for tre av programområda; B. samarbeid, C. nyskapande formidling og D. kompetanse.

### **B. Samarbeid**

Prosjektet er eit samarbeid mellom kommunane Radøy og Austrheim, enkeltmannsføretaket til arkeolog og flintsmed Morten Kutchera, Fylkeskonservatoren i Hordaland <sup>✓</sup>/arkelogane Solveig Lohne Rognved og Øystein Skår og professor i arkeologi ved Universitetet i Bergen, Knut Andreas Bergsvik.

Dette breie samarbeidet bidrar til at ein byggjer nettverk mellom aktørar som kvar på sin måte kan bidra med kompetanse inn i prosjektet, og dermed løfta i lag.

Prosjektet vil også auka inntektsmogleheitene til einskildmannstaket til Morten Kutchera både på kort og lang sikt. Gjennom auka besøk til Fosnstraumen vil ein og kunna betra inntektsmogleheitene

og besøkstala til andre mindre kulturføretak i området, som GodJord, Yogakjerringa, stiftingane Kunsthuset i Austrheim og Radøy Kunst Senter, og Vestnorsk utvandringssenter.

### **C. Nyskapande formidling**

Det er gjort få prosjekt i Noreg som formidlar eldre historie på denne måten. Ved å ta i bruk nye måtar å formidla historien på, vil me nå ut til fleire personar og andre grupper enn dei me når i dag. Me har eit særleg ynskje om å tilpassa formidlinga til born og unge. Samstundes vil ein ved å ta i bruk film til formidling også nå ut til personar som er blinde eller svaksynte gjennom lyd, til personar som ikkje kan høyra gjennom film og tekst, og til personar som ikkje kan bevega i landskapet gjennom filmar dei kan sjå der dei ynskjer. På denne måten kan me formidla kunnskapen om steinalderen i Fosnstraumen ut til eit utvida publikum i Hordaland og landet elles.

### **D. Kompetanse**

Morten Kutchera er ein av få arkeologar i Noreg som opererer under fagfeltet eksperimentell arkeologi. Gjennom å studera dei gjenstandane og lokalitetane som er funne i Fosnstraumen og sjå dette opp mot eksisterande kunnskap om landskap, ressursar og levemåte i steinalderen, freistar Morten Kutchera å rekonstruera steinalder reiskapar og gjenstandar slik dei kan ha sett ut i steinalderen. Produksjon av slike replika aukar kunnskapen vår om korleis steinalderfolk levde. Slike replika vil verta aktivt brukt under produksjon av filmane.

### **Metode for å realisera formålet**

I løpet av prosjektperioden skal det produserast 8-10 korte filmar om steinalderhistorien i Fosnstraumen. Filmane skal gjerast tilgjengeleg på mellom anna Digitalt fortald og andre nettstader, og gjerast tilgjengeleg ulike stader på steinalderstiane i Radøy og Austrheim kommunar via qr-kodar på skilt. Filmane vert også tilgjengelig på nett, og kan såleis nyttast også som førebuing til besøk i området, til undervisning m.m.

Prosjektet med digital formidling har samanheng med eit anna prosjekt i Fosnstraumen der me mellom anna skal utbetra stiane og få produsert nye kulturminneskilt. Når stiane er utbetra, dei nye skilta er komne på plass og filmane er klare, vil me ha eit arrangement i Fosnstraumen. Me vil også køyra ei omfattande marknadsføring av området for å gjera det kjend.

### **Effekt av prosjektet - hovud og bi-effekter**

Hovudeffektar:

- Betre formidling av steinalderhistorien i Fosnstraumen
- Formidling tilpassa born og unge
- Breiare publikum og fleire besøkjande i Fosnstraumen
- Meir merksemd og kunnskap om dei kulturhistoriske verdiane i området

Bieffektar:

- Betre næringsgrunnlag for mindre verksemder og einskildsføretak i nærleiken

- Meir kompetanse om digital formidling blant aktørane i prosjektet. Andre kan hausta erfaringar frå dette prosjektet.
- Nettverk og eit etablert samarbeid mellom dei ulike aktørane i prosjektet
- Positivt for Nordhordland som reise- og besøksmål

### **Organisering av prosjektet**

Prosjekteigar er Radøy kommune og Austrheim kommune, med Radøy kommune som søker. Bente Kopperdal Hervik er kontaktperson i Radøy kommune, medan Frode Hervik er kontaktperson i Austrheim kommune. Kommunane vil ta seg av all rapportering og koordinering av arbeidet, og ha det øvste ansvaret for gjennomføringa av prosjektet. Det vil vera ei prosjektgruppe i kvar av kommunane.

Morten Kutchera vil ta det faglege ansvaret for filmane, med ansvar for planlegging, tilrettelegging og formidling. Sjølv filminga og etterarbeidet vil verta sett ut til profesjonelle etter anbud.

Fagkonsulentar i prosjektet vil vera arkelogoane Solveig Lohne Rognve og Øystein Skår hjå Fylkeskonservatoren i Hordaland, og professor Knut Andreas Bergsvik på Universitetet i Bergen.

### **Tidsline for prosjektet**

Detaljplanlegging av prosjekt	september-november 2015
Førebuing og tilrettelegging	november 2015-mars 2016
Produksjon av filmar	april - august 2016
Ferdigstilling og klargjering	august-september 2016
Marknadsføring og «opning»	september-oktober 2016